



Arkivnr: 2014/558-209  
Saksbehandlar: Ingeborg Borgen Takle

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne		28.09.2016

### Konferansar hausten 2016

#### Samandrag

Stiftelsen SOR arrangerer konferansen «Bra i livet» i Oslo 27.-28. oktober. Tema er ny NOU om menneske med utviklingshemming – ideologi, rettigheit og verkemidlar, og konsekvensar for utviklingshemma, deira familiar og tenesteytarar. Søknadsfrist er 26. oktober, og det er 300 kr billigare per person ved påmelding før 15. september. Konferanseavgift, dagpakke og middag vert kr 4270 per person (med påmelding før 15. september).

Folkehelsekonferansen vert arrangert i Bodø 17.-18. oktober. Tema er «Folkehelse på tvers». Ein kan melde seg på til konferansestart, men det er 150 kr billigare om ein melder seg på litt før. Konferanseavgift, middag og overnatting vert kr 5980 (med påmelding litt før konferansestart).

Nettverk for universell utforming i regional og lokal kollektivtransport vert på ny arrangert 16.-17. november i Oslo. Program er ikkje ferdig enda. Tidlegare er det Kjell Søvik og Harald Norheim som har representert RMNF.

Arbeidsutvalet til rådet vedtek følgjande om konferansane:

1. SOR-konferansen vert opna for deltaking for to personar. Mail vert sendt til rådsmedlemene der dei vert bedt om å melde seg om dei ønskjer å delta.
2. Kjell Håland, leiar, deltek på folkehelsekonferansen i Bodø.
3. Nettverk for universell utforming i regional og lokal kollektivtransport er eit viktig nettverk, og AU ser helst at deltakinga vert styrka med ein politikar som og sit i utval for miljø og samferdsel. AU ønskjer at to medlem deltek på denne konferansen.

### Forslag til vedtak

Følgjande medlem deltek på:

1. SOR-konferansen:
2. Folkehelsekonferansen:
3. Nettverk for universell utforming og lokal kollektivtransport

Bertil Søfteland  
leiar

Ingeborg Borgen Takle  
rådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*